



**Brønnøysundregistrene har nyleg opna Frivillighetsregisteret. Der kan alle som deltar i Norsk Tipping sine spel gi inntil fem prosent av beløpet til lokale lag og foreningar, Det er førebels få innmeldingar, men skulemusikken i Uskedalen er registrert og kan dermed støttast. Om andre lag i bygda så langt har meldt seg kjenner vi ikkje til.**

Brønnøysundregistrene oppmodar dei frivillige organisasjonane om å melda seg snarast hvis dei ønskjer å delta i den såkalla Grasrotandelen. Den vart innført ved årsskiftet og gjelder frå mars.

For heile fylket kan fem prosent utgjera meir enn 40 millionar kroner. Så stor er potten berre i Hordaland, ettersom hordalendingane i fjor spela for vel 800 millionar i NT.

Dette er ein unik mogelegheit for laga til å få pengar i kassa ved at spelarane øremerkar ein del av innsatsen. Hvis du til dømes spelar Lotto for 100 kroner, går fem kroner til det lag eller den organisasjon som du har plukka ut som din grasrotmottakar.

- No vonar vi at idretten, kulturen og frivilligheiten i Hordaland er på hugget og registrerer seg. Dei har frist på seg til 1. februar for å bli med i Grasrotandelen frå starten av, seier pressetalsmann Magne Vikøren i Norsk Tipping.

Du får meir opplysningar på Norsk Tipping sine heimesider.

Slå opp på [www.norsk-tipping.no/grasrotandelen](http://www.norsk-tipping.no/grasrotandelen)

Av Ola Matti Mathisen